

Kjem ikkje til Festidalen**09.07.2009**

- Vi rekna ærleg tala ikkje med at han skulle kunne seia ja i ei ferietid, men det er likevel artig å ha freista. Det seier Festidalen-sjef Sveiniung M. Pile i ein kommentar til at ein invitasjon til kulturminister Trond Giske ikkje ført fram.

Elisabeth Anker ved statsrådens kontor takkar for invitasjonen på vegne av statsråden og resten av departementet, men 'på grunn av ferieavvikling har desverre ingen i departementet anledning til å delta på festivalen'.

Pile inviterte kulturministeren eller hans representant og håpa å kunne syne han korleis det er å lage ein mindre festival i flotte, vestlandsk natur, som han formulerte det.

Pile minna om kulturvisjonen til kommunen om at Kvinnherad skal vere festivalkommunen i regionen Sunnhordland og Hardanger.

- Då meiner vi at det er på høg tid at kulturministeren tar turen, og kva er vel betre enn å kombinere dette med å oppleva nokre av dei beste banda Noreg har å by på for tida, skreiv Pile.

Ellers streka han mellom anna under at Festidalen er tufta på glede av å spreia kvalitetsmusikk til eit publikum som ikkje akkurat er bortskjemde med god, lokal/norsk og internasjonal musikk for ofte.

- Festidalen er ein 100 prosent dugnadsbasert festival som nettopp vart starta opp fordi vi sakna ein rockefestival i distriktet, skreiv Pile og opplyste kven som har delteke i festivalen så langt og kven som vil gjera det i festival nummer seks.'

Han hadde også eit spesielt vedlegg til invitasjonen - med denne helsinga: 'Håpar t-trøya i storleik M passar!'

Av Ola Matti Mathisen